



Elin Tordis Holmås Fanebust
LINDÅSVEGEN 2088
5955 Lindås

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15470 - 22/38834

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommu
ne.no

Dato:
21.06.2022

Førehandsvarsel om pålegg og tvangsmulkt - fare for forureining - gbnr 99/1 Våge

Tiltak: Bilar, oljesøl
Byggjestad: Våge (Vågseidet)
Grunneigar: Elin Tordis Holmås Fanebust

Saksutgreiing

Alver kommune har registrert og motteke meldingar om forureining av grunn og lagring av eit stort tal bilvrak på din eigedom. Vi har også mottatt melding om oljesøl i vegkanten. Viser også til synfaring gjennomført den 28.04.2022. I ettertid har vi registrert at det er fleire bilvrak på eigedomen din no enn under synfaringa.

Lagring av bilvrak kan medføre fare for forureining av grunn og Eidsvatnet som ligg like ved. Lagring på grusplassen ved Eidsvatnet medfører eit spesielt stort potensial for forureining.

Slik vi har forstått saka vert bilvrak levert på plassen for å kunne ta av felg og eventuelle bildelar før dei vert levert til NGIR for miljøsanering og vraking. Ein av utfordringane har vore at det vert levert bilvrak utan at du eller andre har vært på plassen. Dette har medført at talet på bilvrak har auke mykje den siste tida og at ein ikkje har hatt kapasitet til å ta unna alt.

Kommunens oppgave og mynde

I forureiningslova § 48 er ei av dei kommunale oppgåvene at kommunen skal føre tilsyn med ureiningssituasjonen i kommunen. Etter forureiningslova § 7 fjerde ledd kan

kommunen gje pålegg ovanfor den som har ansvar for det ulovlege tilhøve, som er i strid med § 7 første ledd.

Kommunens vurdering:

Eidsvatnet er ei reservevasskjelde som kan levere til Litlås vassbehandlingsanlegg og det er av den grunn viktig å unngå alle formar for forureining.

Mottak og handtering av vrakbilar utgjør ei fare for forureining. Spesielt vil forureining på grusplassen ved Eidsvatnet kunne medføre direkte avrenning til vatnet.

Ved levering av bilvrak på plassen kan det oppstå uhell som medfører skade og påfølgande lekkasje frå bilvraka. Spesielt gjeld dette tilfelle der bilane vert levert med lastebil eller på tilhengar. Eigedommen din er ikkje tilrettelagt for å kunne fange opp eventuell forureining frå bilane, og alle bilar må av den grunn kontrollerast for lekkasje ved levering.

Vrakbilar og bildelar som vert ståande utsett for vær og vind vil over tid ha høgare risiko for utlekking av miljøgifter til grunn. Opphaldstida bør derfor være så kort som mogleg. Bilvrak som ikkje framstår som heile, men manglar til dømes panser, utgjør etter vårt skjønn ein større risiko for forureining og må tildekkast.

Under synfaringa var det 22 avskilta bilar på eigedommen din. Det låg og ein god del karosseri og bildelar på eigedommen. Plasseringa av bilane og bildelane verka etter vårt skjønn tilfeldig. Ein stor del av bilane stod ikkje på ein naturleg oppstillingsplass. I tillegg til å utgjøre ein risiko for forureining verkar dette skjemmande for naboar og forbipasserande. Plassering av bilvrak tett opp til fylkesveg 396 (Sævråsvegen) påverkar også trafikkbildet og må derfor unngåast.

Med det talet bilvrak som står på eigedommen din no, bærer dette meir preg av næringsvirksomheit enn fritidsaktivitet etter vårt skjønn. Næringsvirksomheit krev løyve etter forureiningslova kapittel 3 og vil medføre strengare krav til tett dekke og handsaming av avfall.

Kva kan du gjere for å unngå pålegg?

For å unngå pålegg må du gjere følgande:

- Du må fjerne bilvrak som ikkje kan plasserast på ein oppstillingsplass omgåande. Desse må leverast godkjent mottak for miljøsanering av bilvrak.
- Du kan ikkje mellomlagra fleire bilvrak enn det er oppstillingsplass på eigedommen.
- Eigedommen må ryddast for avfall og bildelar som verkar skjemmande.
- Grusplassen ved Eidsvatnet kan ikkje nyttast som biloppstillingsplass
- Du må kontrollere alle bilvraka for eventuelle lekkasjar ved mottak. Dette betyr at du må være tilstades når det vert levert bilvrak.
- Eventuelt oljesøl i samband med handtering av bilane må straks fjernast og leverast godkjent mottak for farleg avfall.

Grunngjeving for førehandsvarsel om pålegg og tvangsmulkt

Det følgjer av forureiningslova § 7 første ledd at «ingen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning» uten at det er gitt løyve».

I medhald av forureiningslova § 7 andre ledd kan kommunen pålegge den ansvarlege for forureininga, om å sørge for tiltak for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av den. Med bakgrunn i nemnde tilhøvet, varslar kommunen om at det vil bli vurdert å gje pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt for å få brakt tilhøvet i lovlege formar.

Det er vidare etter forureiningslova § 28, 1. ledd eit generelt forbod mot å etterlate eller oppbevare avfall slik at det kan «virke skjemmaende eller være til **fare** eller ulempe for miljøet». Føresegna gjeld og forsøpling på eigen eigedom. Etter føresegna i § 28, 3.ledd stillast det krav til forureinar om å rydda opp.

Varsel om pålegg om retting og tvangsmulkt

Med heimel i forureiningslova § 7, blir du no varsla om at forholda må bli retta innan fristen nedanfor og dokumentasjon på dette må sendast inn innan same fristen.

Vi varslar også at det kan bli fatta eingongsmulkt på kr. **10 000** og løpande dagmulkt på kr. **200**, dersom det ulovlege tilhøvet ikkje er retta innan fristen. Dette er heimla i forureiningslova § 73.

Frist

Dokumentasjonen må sendast kommunen **innan 01.09.2022**.

Du har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt. Det kan til dømes vere at du meiner opplysningane våre ikkje er rette eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre forholdet.

Det vert gjeve ein frist på **3 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Alver kommune oppmodar deg om å nytte uttaleretten.

Andre forhold

Vi kan ikkje sjå at det er søkt om bruksendring av bygget i samband med bygging av verkstad. Vi kan heller ikkje sjå at det er søkt om løyve til etablering av biloppstillingsplass. Bruksendring av bygget samt opparbeiding av biloppstillingsplass krev i tillegg dispensasjon frå byggegrense mot fylkesveg etter veglova. Kommunen har foreløpig ikkje tatt stilling til om dette er ulovlege tiltak etter plan og bygningslova. Vi varslar no at vi vurderer å følge opp desse forholda på eit seinare tidspunkt.

Vi oppmodar deg om å undersøke om dette er søknadspliktige tiltak og eventuelt søke om løyve for å få brakt tilhøva i lovlege former.

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 5637 5000 eller du kan sende e-post eller post til

- post@alver.kommune.no.

- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

Aktuelt regelverk

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting med heimel i forureiningslova § 7.
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forureiningslova § 73.
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forureiningsloven §§ 78 og 79.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Elin Tordis Holmås Fanebust

LINDÅSVEGEN 2088

5955

Lindås